



Innkalling av Formannskapet

Møtedato: 31.05.2016
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 12:00

Det vert sendt ut nokre tilleggssaker i neste veke.

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
027/2016	Godkjenning av innkalling og saksliste
028/2016	Godkjenning av møtebok
029/2016	Referatsaker
030/2016	Orienteringssaker
031/2016	Bygging av bustader for flyktningar
032/2016	Rekneskap og årsmelding for 2015
033/2016	Utfisking i Steinslands- og Stølsvatnet - søknad om tilskot
034/2016	Uttale frå Modalen kommune - Driftskonsesjon for Otterstad sandtak i Modalen

7. juli 2016

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/117

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
027/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/117

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 03.05.2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/117

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
029/2016.1	Møteprotokoll - kommunestruktur - Forhandlingsutvalet - møte tysdag 26. april
029/2016.2	Postalt tilsyn - krav om opplysningar brannfolk
029/2016.3	Modalen kommune - budsjett og økonomiplan 2016 - 2019

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Møteprotokoll - kommunestruktur - Forhandlingsutvalet - møte tysdag 26. april

Postalt tilsyn - krav om opplysningar brannfolk

Modalen kommune - budsjett og økonomiplan 2016 - 2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/117

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Inge Kårevik	Gbnr - 76/109, TI - &73	16/101

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016

Bygging av bustader for flyktningar

Forslag til vedtak:

Rådmannen gjer framlegg om at det vert lyst ut konkurranse på Doffin om bygging av ein vertikaldelt tomannsbustad. I konkurransegrunnlaget skal det takast atterhald om finansiering frå Husbanken og at kostnaden for prosjektet er innanfor ei ramme på kr 5 000 000,-

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I KS-sak 023/15 vart det gjort slikt vedtak:

«Modalen kommune vil ta imot flyktningar for perioden 2015-2017, men må koma attende til konkret tidspunkt for mottak når bustadsituasjonen er avklart.

Målsetjinga er å ta imot 10 personar i løpet av 2016 i samsvar med IMDi sitt ynskje. Mottak av ytterlegare 9 flyktningar i 2017 skal leggjast fram for Modalen kommunestyret til avgjerd.

Ut frå tilgang på bustader og integrering i lokalmiljøet ønskjer Modalen kommune primært å busetje familiar, og ber IMDi ta omsyn til dette.

Det er ein føresetnad at det vert oppretta ei stilling som skal koordinere arbeidet. Omfanget av stillinga må vurderast, og tilpassast dei arbeidsoppgåvene som er knytt til koordineringa av mottaks- og integreringsarbeidet.

Modalen kommune skal søkja samarbeidsløysingar med dei andre kommunane i Nordhordland der dette er naturleg.

Rådmann får delegert mynde til å bestemme når tid kommunen er klar med den praktiske førebuinga og i stand til å gjennomføre busettinga, og skal halde formannskap og kommunestyre løpende orientert om den vidare prosessen.

I FOR - sak 006/2016 vart det gjort slikt vedtak:

Som svar på Fylkesmannen si oppmoding om å ta imot fleire flyktningar justerer Modalen kommune tal for busetjing slik:

2016 - talet vert auka frå 10 til 12 flyktningar

2017 - plantal vert sett til 8 flyktningar. Endeleg vedtak for 2017 vert gjort hausten 2016.

Formannskapet rår til at rådmannen utgreier sak for bygging av 1-2 nye bustader på Mo for mottak flyktningar i 2017

Vurdering:

Formannskapet ber i sak 006/2016 rådmannen å utgreie sak for bygging av 1-2 nye bustader på Mo for mottak av flyktningar i 2017. På Mo er det i dag ein ledig bustadtomt gnr 76/109. Bustadtomt 76/109 har eit areal på ca 741 m².

Sidan Modalen kommune primert ynskjer å busetje familiar, vil ein vertikaldelt tomannsbustad over to plan vera aktuelt.

Prosjektet

Tomta er på 741m² og gjeldande reguleringsføresegner skal leggjast til grunn. BYA (bebygd areal) for tomta skal nyttast på ein effektiv måte. Dette kan løysast ved å byggje ein vertikal bustad over 2 plan. Universal utforming skal leggjast til grunn for planløysinga i 1. etg.

To like (evt spelvende) bustadeiningar med 3-4 soverom, der eit av desse skal vera i 1 etg.

1. etg skal også innehalde kjøkken/ stove, bad og WC i tillegg til wc, evt. eit lite bad i 2.etg.

Det skal ikkje byggjast garasjar eller carportar. Naudsynte parkeringsareal skal etablerast. Bustadane skal ha ein nøktern, men god standard. Der anna ikkje er sagt, skal husbanken sin minstestandard leggjast til grunn.

Uteområdet skal opparbeidast og kvar bustadeining skal ha utvending terrasse.

Prosjektet kjem inn under regelverket om offentlege innkjøp og må lysast ut på Doffin.

I samband med dette må det utarbeidast eit romprogram og ynskte materialkvalitetar må skildrast.

Vi ser for oss at prosjektet vert lagt ut som totalentreprise, der entreprenør står for prosjektering og er ansvarleg søkjar og skal syte for dei naudsynte løyva.

Finansiering

Med utgangspunkt i ei bustad flate på ca 100 m² har vi rekna ein kostnad på ca 5 millionar kr, ekskl. tomtekostnader.

Bustadane kan søkjast finansiert gjennom husbanken sine støtteordningar for bustader til vanskelegstilte (flyktningebustader).

Tilskot frå husbanken

Tilskotet kan vera inntil 40% av godkjente prosjektkostnader, sjå vedlegg «Retningsliner om tilskudd til utleieboliger frå Husbanken»

Søknad om tilskot for utleiebustader i husbanken syner at ved ei leige på kr 10 000,- i mnd og ein prosjektkostnad på kr 5 000 000,- kvalifiserer dette for eit tilskot på kr 1 999 221,- tilsvarande 24 % av kostnaden.

Reknestykket legg til grunn ei månadsleige på kr 10 000,-, FDV kostnader på kr 3 800, - pr.mnd ei forventa ledighet på 2 % og ein årleg prisvekst på 2,5 %.

Sjå vedlegg «Husbanken søknad om tilskudd til utleieboliger»

Neste frist for søknad om tilskot frå Husbanken er 1. september 2016.

Konklusjon

Med atterhald om finansiering frå Husbanken basert på ein prosjektkostnad på 5 millionar kroner, gjer rådmannen framlegg om at det vert utarbeidd romprogram og konkurransegrunnlag for utlysing på Doffin.

I konkurransegrunlaget skal det takast atterhald om kostnader og finansiering frå husbanken.

Byggearbeida kan ta til hausten 2016 og vera slutført våren 2017.

Vedlegg:

Retningsliner om tilskudd til utleieboliger frå Husbanken

Søknad om tilskudd til utleieboliger

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE - 210	16/111

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016
	Kommunestyret	PS	

Rekneskap og årsmelding for 2015

Forslag til vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2015 vert disponert slik: Kr 2 808 453,25 vert avsett til disposisjonsfond.

Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2015 vert godkjent slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Årsrekneskapen skal godkjennast av Kommunestyret etter fråsegn frå kontrollutvalet og tilråding frå Formannskapet.

Kommunestyret skal gjere vedtak om årsrekneskapen innan 6 månader etter slutten av rekneskapsåret, jfr § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, gjeve med heimel i Kommuneleva § 48, nr 6

Årsmeldinga skal handsamast i Kommunestyret samstundes med at rekneskapen vert handsama.

Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2015 vart kr 2 808 453,25.

Udisponert i investeringsrekneskapen vart kr 0.

Vurdering

Kommunestyret må ta stilling til disponering av mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2015.

Det vert vist til rekneskapsdokumentet for 2015 med noter, årsmeldinga for 2015, revisjonsmelding frå Nordhordland revisjon IKS og fråsegn frå Kontrollutvalet.

Konklusjon

Det vert tilrådd at rekneskapen og årsmeldinga for 2015 vert godkjent og at mindreforbruket i driftsrekneskapen vert avsett til disposisjonsfond.

Vedlegg:

Revisjonsmelding og revisjonsrapport nr 11 2015

Nr 11 Revisjonsrapport årsrekneskap 2015

Særutskrift årsrekneskap og årsmelding 2015 Kontrollutvalet Modalen

Rekneskapsdokument 2015

Årsmelding 2015

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 242	16/68

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
033/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016

Utfisking i Steinslands- og Stølsvatnet - søknad om tilskot

Forslag til vedtak:

Storavatnet fiskarlag vert tildelt slik tilskot frå Modalen kommune sitt fond frå fiske/vilt for utfisking av aure i Steinslandsvatnet:

Inntil kr 567.400 til investeringar med slik fordeling i høve budsjett:

Investeringar utstyr/anlegg	Søknad 1000 kr	Lagt til grunn 1000 kr	Tilskot %	Stønadsramme 1000 kr
Båt med motor	200	200	60	120
Flytebyggje med landgang	30	30	60	18
Landanlegg til flytebyggje	300	300	60	180
Utstyrbygg i stål	150	150	60	90
Arbeid med å føre opp stålbygg	100	100	60	60
Båthengar	24	24	60	18
40 garn	25.2	25.2	100	14,4
Stor fiskeruse	100	utgå		0
4 redningsvestar	3	3	100	3
2 flytedressar	4	4	100	4
Liner blåser	40	40	100	40
Nye garn, uforesett og vedlikehald	50	Evaluering(20)	100	20
Samla investering	1.026.2	896.2		567,4

Inntil kr 214.000 til arbeid utfisking med slik fordeling i høve budsjett:

Arbeid utfisking kr 350.- /time	Søknad 1000 kr	Lagt til grunn 1000 kr	Tilskot %	Stønadsramme 1000 kr
År 1 (350 timar)	122.5	122.5	75	92
År 2 (350 timar)	122.5	122.5	75	92
År 3 (100 timar)	35	evaluering		-

År 4 (100 timar)	35	evaluering		-
År 5 (100 timar)	35	evaluering		-
Anna arbeid med tiltaket, vedlikehald, frakt av fisk (200 t)	70	40	75	30
Samla arbeid (5) 2 første år	470	295		214

Fiske med ruse utgår i første fase slik driftsplanen tilrår.

Det må føretakast ei fagleg vurdering i høve pågåande kultiveringsarbeid i Modalselva, om det er tenleg å setje ut innfanga aure i Mofjorden.

Det vert stilt krav til ei prosjektevaluering etter 2 år. Ytterlegare finansiering vil verte vurdert når status-/evalueringsrapport/rekneskap for dei 2 første åra føreligg og ein revidert driftsplan/budsjett for vidare prosjektarbeid er laga.

Det vert stilt krav til ein andel eigafinansiering på større investeringar, som har ein stor restverdi etter gjennomført prosjektperiode, slik det framgår av tabell i saksutgreiinga.

Inntil 30 % av tilskot kan utbetalast til søkjar når vedtak om løyving er gjeve og tiltak vert starta opp. Utover dette skal søkjar framleggje dokumentasjon for påløpte kostnader i samsvar med budsjett før ytterlegare tilskot vert utbetalt.

Når tiltak/prosjektet er avslutta skal søkjar sende ein sluttrapport om gjennomføringa og prosjektrekneskap til Modalen kommune.

Løyve til oppføring av bygg og anlegg som framgår av søknaden, vert å handsama i eiga sak der dette er turvande etter Plan- og Bygningslova eller anna lovverk.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknad datert 26.02.2016 (motteken 01.03.2016) frå Storavatnet fiskarlag om midlar frå Modalen kommune sitt fond frå fiske/vilt. Midlane skal nyttast til utfisking i Steinslands- og Stølsvatnet.

Vurdering

Kort om tiltaket:

Grunneigarane rundt Storavatnet (Steinslandsvatnet) har organisert seg i Storavatnet fiskarlag som er ansvarleg søkjar til prosjektet.

I søknaden vert det opplyst at: **«Søkjarane ynskjer seg å binde seg til å utføre det hovudtiltaket som rapporten viser til.»** Søknaden baserer seg på skisserte tiltak i driftsplanen, men var i utgangspunktet også utvida med tiltak i Stølsvatnet.

Det er bede om tilleggsopplysningar til søknaden, og det er gjeve slike tilbakemeldingar på dette i epostar:

- Søkjarane søker om å få fullfinansiert utfiskingsprosjektet
- Søknaden skal kun gjelde Steinslandsvatnet
- «Det er fortsatt aktuelt å fiske med ruse siden det er utprøvd før og er mindre arbeid med. Det er tilrådd minst 3 ruser i vatnet etter prøve fiske som har vore gjort før». Det vert i den samanheng peika på vedkomande som har utarbeida driftsplanen ikkje har vore i kontakt med dei som dreiv prøvefiske i vatnet tidlegare.
- Det vert ikkje levert inn revidert investeringsplan og driftsbudsjett, men ein ber om å få vurdert søknaden basert på innleverte opplysningar med bruk av 1 ruse og garn.

I vurderinga av søknaden har ein derfor lagt til grunn dei opplysningar som er gjevne frå søkjarane og dei tiltak, vurderingar og tilrådingar som framkjem i driftsrapporten.

Driftsplan for Steinslandsvatnet» datert 2.12.2014 er utarbeida på oppdrag frå BKK Produksjon av Rådgivande Biologer AS. Formål med driftsplanen er å vudere tiltak for å betre kvaliteten på auren i Steinslandsvatnet og tiltak som motverkar negative effektar av spreining av røye til vatnet etter utbygginga av Nygard pumpekraftverk.

Det vert søkt om midlar til innkjøp av redskapar, utstyr og anlegg for utfisking, og til betaling for eige arbeid over ein femårsperiode.

I driftsrapporten vert det peika på at også andre tiltak enn oppfiske kan ha positiv effekt på utviklinga av aurebestanden i Steinslandsvatnet. I kap 3.1 er det peika på at lakseungar kan beite på aure og vere med å redusere aurebestanden. Dette føreset utsetting av lakserogn også i gytebekkar ved Steinslandsvatnet. Det er ikkje planlagt å setje ut lakserogn i Steinslandsvatnet.

I rapporten vert det først og frems rådd til å gjennomføre intensivt garnfiske over 2 år med seinare vedlikehaldsfiske for å halde bestandene nede dei neste åra. Dersom ein får opp storleiken på auren i vatnet vil stor aure kunne beite på smårøye og bremse bestandsveksten av røya.

Det har tidlegare vore gjennomført fiske med ruse (åra 2002-2004). Grunneigarane fekk den gong tilskot frå fondsmidlane til dette prosjektet. Innfanga brunare vart då ført ut i Mofjorden i forsøk på å få opp fiskebestanden i Modalselva.

I driftsrapporten vert det ikkje rådd til å vidareføre fiske med ruse fordi det erfaringsmessig er trong til kraftigare tiltak med utfisking med garn. I dag er det sett i verk ulike kultiveringsarbeid i Modalselva. Det må derfor avklarast på fagleg nivå om det er aktuelt å føre levande aure ut Mofjorden slik ein gjorde ved tidlegare rusefangst før dette eventuelt vert gjort.

Å gjennomføre ei intensiv utfisking med garn er i rapporten rådd til som prioritert tiltak, der ein vil kunne måle effekt etter 2-3 år. Det vert søkt om finansiering av tiltak som er tenkt gjennomført over 5 år. Erfaringsmessig er det fornuftig å evaluere effekten av eit prosjekt etter kortare tid. Dette for å sikre framdrift i arbeid og for å styre økonomien i prosjektet. Det synes òg å vere trong til å avklare nærmare einskilde tiltak i prosjektet basert på dei opplysningar som no føreligg til søknaden.

Rådmannen vil derfor rå til at det stilt krav til ei prosjektevaluering etter 2 år og at det i første fase vert løyvt midlar til oppstart og drift av prosjektet for dei 2 første åra. Det vil verte teke stilling til ytterlegare finansiering når status-/evalueringsrapport/rekneskap for dei 2 første åra føreligg, og ein driftsplan/budsjett for vidare prosjektarbeid er utarbeida.

Fondsvedtekter

Modalen kommune vedtok i 2013 (sak 016/13) vedtekter for forvaltning av midlar til fiske/vilt. Fondet er heimla i konsesjonsvilkåra for BKK si utbygging av kraftverksanlegg, jmf §1 i vedtektene.

Jmf §3 kan fondsmidlane berre nyttast til opphjelp av fiske/vilt i kommune i samsvar med konsesjonsvilkåra for nemnde vassdragsutbyggingar. Det skal særskilt takast omsyn til vilkåra for øyremerka midlar til opphjelp for utnytting av Fiskeressursane i Steinslandsvatnet.

Det er positivt at det no føreligg konkret tiltak for kultivering av Steinslandsvatnet. Tilskot til prosjektet vert å finansiera frå fondet.

I § 4 er det stilt krav til kva søknadar skal innhalde:

- Opplysningar om kven som er ansvarleg for tiltaket
- Opplysningar om kva som skal gjennomførast
- Budsjett og finansiering
- Tidsplan for oppstart og avslutning

Punkt 1 og 2 framgår av opplysningar i søknaden. Rådmannen har i saksutgreiinga kommentert plan for rusefiske som ikkje er rådd gjennomført og derfor vert føreslege teke ut av finansieringa ved oppstart.

Tidsplan:

Det vert søkt om oppstart og gjennomføring av eit 5 årig prosjekt. Rådmannen sluttar seg til tilrådinga i driftsrapporten om at det må gjerast eit intensivt arbeid dei to fyrste åra og seinare eit årleg vedlikehaldsfiske dei neste åra for å oppnå ønska resultat. Men det må føretakast ei evaluering undervegs som tilrådd ovanfor.

Av § 5, 3. og 4. avsnitt framgår:

Inntil 50 % av tilskot kan utbetalast til søkjar når vedtak om løyving er gjeve og tiltak vert starta opp. Utover dette skal søkjar framleggje dokumentasjon for påløpte kostnader i samsvar med budsjett før ytterlegare tilskot vert utbetalt.

Når tiltak/prosjektet er avslutta skal søkjar sende ein kort rapport om gjennomføringa og prosjektrekneskap til Modalen kommune.

Budsjett og finansiering:

Investeringar utstyr/anlegg	Søknad 1000 kr	Lagt til grunn 1000 kr	Tilskot %	Stønadssamme 1000 kr
Båt med motor	200	200	60	120
Flytebyggje med landgang	30	30	60	18
Landanlegg til flytebyggje	300	300	60	180
Utstyrbygg i stål	150	150	60	90
Arbeid med å føre opp stålbygg	100	100	60	60
Båthengar	24	24	60	18
40 garn	25.2	25.2	100	14,4
Stor fiskeruse	100	utgå		0
4 redningsvestar	3	3	100	3

2 flytedressar	4	4	100	4
Liner blåser	40	40	100	40
Nye garn, uforesett og vedlikehald	50	Evaluering(20)	100	20
Samla investering	1.026.2	896.2		567,4

Arbeid utfisking kr 350.- /time	Søknad 1000 kr	Lagt til grunn 1000 kr	Tilskot %	Stønadsramme 1000 kr
År 1 (350 timar)	122.5	122.5	75	92
År 2 (350 timar)	122.5	122.5	75	92
År 3 (100 timar)	35	evaluering		-
År 4 (100 timar)	35	evaluering		-
År 5 (100 timar)	35	evaluering		-
Anna arbeid med tiltaket, vedlikehald, frakt av fisk (200 t)	70	40	75	30
Samla arbeid (5) 2 første år	470	295		214

Større anleggsinvesteringar har ein stor restverdi etter prosjektperioden. Utsfiskinga kan dessutan gjennomførast utan at det vert gjort så store investeringar i anlegg på land. Dette tilseier at det bør vere ein eigenandel for prosjekteigarar i finansieringa. Rådmannen vil derfor tilrå at det vert lagt inn ein eigenandel for desse investeringane på 40 %. Dette gjeld også for arbeid vedkomande investeringar.

Innkjøp av garn og tilhøyrande driftsutstyr vil vere investeringar som er direkte relatert til prosjektet og vert tilrådd dekkja 100%.

Formålet med prosjektet er å kultivere Steinslandsvatnet slik at desse naturressursane får ein høgare verdi for grunneigarane ved sal av fiskekort og anna næringsutnytting av deira utmarksressursar. I finansieringa bør det derfor synleggjerast ei eiga interesse i gjennomføringa av kultiveringstiltaka. Dette bør reflekterast i at noko av arbeidsinnsatsen i prosjektet vert å rekna som eigenandel. Rådmannen tilrår at budsjetterte arbeidstimar vert finansiert med 25% eigenandel og 75% tilskot.

Konklusjon

Rådmannen vil rå til at fiske med ruse utgår i første omgang slik driftsplanen tilrår. Det må føretakast ei fagleg vurdering i høve pågåande kultiveringsarbeid i Modalselva, om det er tenleg å setje ut innfanga aure i Mofjorden.

Rådmannen vil rå til at det vert stilt krav til ei prosjektevaluering etter 2 år og at det no vert løyvt midlar til oppstart og drift av prosjektet for dei 2 første åra. Det vil verte teke stilling til ytterlegare finansiering når status-/evalueringsrapport/rekneskap for dei 2 første åra føreligg og ein driftsplan/budsjett for vidare prosjektarbeid er utarbeida.

Rådmannen vil tilrå at det vert stilt krav til ein andel eigafinansiering på større investeringar som har ein restverdi etter gjennomført prosjektperiode og for utføring av arbeidet.

Løyve til oppføring av bygg og anlegg vert handsama i eiga sak dersom dette er turvande etter Plan

og Bygningslova eller anna.

Vedlegg:

Søknad om midlar til utfisking i Steinslands-og Stølsvatnet

1+SV+_87235.pdf

Tilleggsopplysningar vedkomande: Søknad om midlar til utfisking i Steinslands-og Stølsvatnet

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	Gbnr - 77/1, HistSak - 14/114	16/99

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016

Uttale frå Modalen kommune - Driftskonsesjon for Otterstad sandtak i Modalen

Forslag til vedtak:

Modalen kommune viser til konsesjonssøknad datert 15.10.2015 etter minerallovas § 43 fra Oddbjørn Otterstad og vil gje slik uttale.

Modalen kommune har følgjande merknader til søknaden:

I følgje minerallovas § 5 erstattar ikkje løyve etter denne lova tillatelse, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving. Dette betyr at konsesjon etter minerallova må halde seg innanfor dei rammer som ligg i godkjend arealplan for området etter plan- og bygningslova.

I søknaden fra Otterstad er det svart «Ja» i ruta «Godkjent reguleringsplan» i rubrikk 4.2, og vist til namnet på planen som «Kommuneplan for Modalen».

Kommuneplanen er den overordna planen, men her gjeld også reguleringsplan, som inneheld dei nærmare begrensningane for uttaket.

Nogjeldende reguleringsplan for Mo – Otterstad godkjent av Mo kommunestyre 19.12.1991 avset arealet til blanda formål, suksessivt masseuttak og jordbruk, der det ligg begrensningar i reguleringsbestemmelsane. Planområdet føreset då at det vert omdisponert til jordbruksareal etter at masseuttaket er avslutta.

I reguleringsbestemmelsane er det innteke følgjande i § 6:

6.2. Eksisterende sandtak skal ikkje avsluttast på en kotehøgde som er lågare enn næraste offentlege veg og heller ikkje slik at en aukar rasfaren.

6.3. Som del av industriområdet skal det etablerast et isolasjonsbelte/tilplanta areal mellom industriverksemdene/sanddrifta og tilstøytande areal som vist på planen.

Desse bestemmelsane set då grensa for uttaksdjupna og inneheld begrensningar av uttaket nær

offentleg veg.

Det siste er vesentleg når det gjeld vegen på nordsida av sandtaket opp til bustadfelt, som i 1970-åra vart kjøpt frå Otterstad sin eigedom og som er bygt ut med bustader iht. reguleringsplan fra 1975.

Vedlegg 1: Kopi av reguleringsplankart frå 1975.

Vedlegg 2: Kopi av reguleringsplankart og planbestemmelsar frå 1991.

Reguleringsplanen fra 1991 avløyste då reguleringsplanen frå 1975.

Det er av heilt vesentlig betydning at det ikkje vert gjeve løyve til ein driftsplan som gjev ytterlegare utrasingsfare for vegen opp til bustadfeltet ved avgraving av skråningane langs denne vegen. Dette momentet ser Modalen kommune som svært viktig å få ivareteke ved konsesjonsbehandlinga.

Eit anna viktig punkt er at ovanfor siterte reguleringsbestemmelse om kotehøyden for avslutta sandtak ikkje skal vere lågare enn den nærmaste offentlege vegen, som er vegen langs sørsida av arealet.

Dei ovannemnde begrensningane med grunnlag i reguleringsbestemmelsene for området må derfor setjast som vilkår ved tildeling av konsesjon.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Motteke høyringsbrev datert 15.04.2016 frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF). Høyringsfrist er i epost datert 04.05.2016 godkjendt utvida til 2. juni 2016.

Vurdering

Søknaden gjeld uttak av sand i Otterstad sandtak, som ligg på eigedomane gnr/bnr 77/1 og 77/59 i Modalen kommune. Området er regulert til sanddrift/jordbruk.

DMF er konsesjonsmyndighet i saker med samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10.000 m³ masse. Søknaden gjeld uttak av resterande masse anslege til 51.000 m³, med eit årleg forventa uttak på 10.000 m³ og som skal avsluttast i løpet av fem år.

Modalen kommune har sett på registrerte naturverdier i området. Det er registrert to sårbare artar i området på artskart. Desse er registrert med funndato i 1914, så dei er ikkje lenger aktuelle.

Modalen kommune meiner at det bør gjerast ei vurdering av tiltaket etter naturmangfaldslovas §§ 8-12 då det ikkje er gjort noko konkret vurdering av dette i samband med søknaden. Dette er ivareteke gjennom uttale frå Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen har også peika på at drifta ved Otterstad sandtak ikkje må føre til utslepp av partiklar eller anna ureining til Modalselva, som kan skada kultiveringsarbeidet for laks i elva.

Landbruksnemnda i Modalen gav i 1987 ein positiv uttale til søknad om masseuttak på gnr/bnr 77/1

på Osterstad, på vilkår av at plan for tilstelling att til jordbruksareal vart fulgt. Etter avvikling av sanddrifta må målet framleis vera å få etablert ein slett og lett driven teig som kan nyttast til jordbruk i framtida. Den nye planen for uttak bør belysa korleis arealet skal tilbakeførast og sannsynleggjera at det vert att nok massar til dette.

I følgje minerallovas § 5 erstattar ikkje løyve etter denne lova tillatelse, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving. Dette betyr at konsesjon etter minerallova må halda seg innanfor dei rammer som ligg i godkjend arealplan for området etter plan- og bygningslova.

I søknaden fra Otterstad er det svart «Ja» i ruta «Godkjent reguleringsplan» i rubrikk 4.2, og vist til namnet på planen som «Kommuneplan for Modalen».

Kommuneplanen er den overordna planen, men her gjeld også reguleringsplan, som inneheld dei nærmare begrensningane for uttaket.

Nogjeldande reguleringsplan for Mo – Otterstad godkjent av Mo kommunestyre 19.12.1991 avset arealet til blanda formål, suksessivt masseuttak og jordbruk, der det ligg begrensningar i reguleringsbestemmelsane. Planområdet føreset då at det vert omdisponert til jordbruksareal etter at masseuttaket er avslutta.

I reguleringsbestemmelsane er det innteke følgjande i § 6:

6.2. Eksisterende sandtak skal ikkje avsluttast på en kotehøgde som er lågare enn næraste offentlege veg og heller ikkje slik at en aukar rasfaren.

6.3. Som del av industriområdet skal det etablerast et isolasjonsbelte/tilplanta areal mellom industriverksemdene/sanddrifta og tilstøytande areal som vist på planen.

Desse bestemmelsane set då grensa for uttaksdjupna og inneheld begrensningar av uttaket nær offentleg veg.

Det siste er vesentleg når det gjeld vegen på nordsida av sandtaket opp til bustadfelt, som i 1970-åra vart kjøpt fra Otterstad sin eige dom og som er bygt ut med bustader iht. reguleringsplan fra 1975.

Vedlegg 1: Kopi av reguleringsplankart frå 1975.

Vedlegg 2: Kopi av reguleringsplankart og planbestemmelsar frå 1991.

Reguleringsplanen fra 1991 avløyste då reguleringsplanen frå 1975.

Det er av heilt vesentlig betydning at det ikkje vert gjeve løyve til ein driftsplan som gjev ytterlegare utrasingsfare for vegen opp til bustadfeltet ved avgraving av skrånningane langs denne vegen. Dette momentet ser Modalen kommune som svært viktig å få ivareteke ved konsesjonsbehandlninga.

Eit anna viktig punkt er at ovanfor siterte reguleringsbestemmelse om kotehøyden for avslutta sandtak ikkje skal vere lågare enn den nærmaste offentlege vegen, som er vegen langs sørsida av arealet.

Dei ovannemnde begrensningane med grunnlag i reguleringsbestemmelsane for området må derfor

setjast som vilkår ved tildeling av konsesjon.

Konklusjon

Rådmannen vil rå til at formannskapet gjev ein høyringsuttale som peikar på dei merknader som framgår av saksvurderinga. Vedlegg 1 og 2 vert å leggja ved uttalen.

Vedlegg:

Høyring av søknad om driftskonsesjon for Otterstad sandtak

horingsdokumenter_for_otterstad_uttak

Vedlegg 1: Reguleringsplankart frå 1975